

Å SKAPA EIT PARADIS

ASGJERD TAKSDAL

Vi må ha vore der, sidan lengten tilbake aldri riktig slepper taket. Sjølv trur eg i alle fall at eg veit noko om å vera Vårherre og styra med eit Paradis, for eg har gjort det ein gong. Det var då eg byrja med å laga ein søndag som ingen annan har visst om, og så fylte han med ei verd som dei andre såg knapt niandeparten av. Den dagen då visjonen styrte ein liten fireårs peikefinger i rasan- de, uforstyrreleg skapingsrus: «Bli til!»

Og det vart

Huset under apalen

Apalen var gammal med krokett, tjukk stamme og lutande greiner, tette av lauv, ønskjevegger, trong berre innreiding: Bord – i vedskuten låg ein kasse

og venta. Stolar – ukløyvde vedkubbar. Koppar, blomstervase – vekkstua hankelause kjerald som dei vaksne heldigvis ikkje hadde fått seg til å kasta aldeles vekk. Gardiner – fillesekken på loftet, kvite remser over dei lågaste greinene. Kjøkkenet – benk av fjøler på eitpar kassar. Kjørel – eg fann det eg trong i steingarden. Oppvaskbalje – og der sprengde eg grensene for alvor. Eg hadde vore med mor til slektninger i byen og opplevd at dei fekk vatn strøymande ut or ein tapp over kjøkken- benken. Så, vassverk – i kjellarvindauga låg ein utsota kaffikjel til å koka egg i på påsketur. Den fylte eg med vatn og greidde – må ha hatt vengjer og, den dagen – å frakta han opp i apalen og hengja han over ei høveleg grein. Leidning – rike-

leg med saueblom, berre å kjeda saman lange remser og festa til tuten. Ein hyssingstump rundt, og så kunne eg stå på bykjøkkenet mitt og tappa rennande vatn rett i oppvaskbalja. Eg kjende at no var det gjort, tok eit overblikk, og kom sjølvsgatt til same konklusjonen som kollegaen i Boka: «Alt var såre godt!»

Eg måtte og ha nokon å dela underet med og sprang inn til mor. Ho stod forkava i ettermiddag-svarmen og strauk barnetøy – berre det burde ha varsla meg. Men eg buste på: «Kom og sjå! Og ring til bestefar og bestemor og be dei og koma og sjå!» Eg såg mor tørka sveitten og hørde den mødde tonen i røysta: «Kjære deg då, du veit bestefar og bestemor kan ikkje koma no. Dei har det travelt.»

Travelt? I dag? På ein søndag?

Dei som aldri gjorde noko anna enn å eta når det var søndag?

«Det er ikkje søndag,» svara mor. «Og dei er i høyet. Snart skal dei ut og mjølka og.»

Eg gjekk ut att, til verket mitt.

Og då såg eg det dei andre såg.

Ein dunge med kassar og fjøler.

Nokre kvite gardinremser frå ein kvist.

Ein svart kaffikjel. Saueblomstilk.

Sola på nedtur.

Og ikkje søndag på mange dagar – om det nokon gong kom til å bli det meir.

Tanken var ikkje heilt ugrunna. Eit godt halvsekel seinare konstaterer eg at maken til søndag aldri har kome att. Men eit halvsekel har mange gode søndagar. Og det er mi tru at utan denne barnleg allmechtige skapingsstunda ville ein kanskje ikkje ha møtt tilværet med grunnleggjande søndags-forventning «opp i de grånende dage».

Den som i ein heldig barndom har fått oppleva å skapa eventyr, slår seg aldri meir til tols med at tinga omkring oss berre er ting. At skrot er skrot. At menneska i verda berre er funksjonærar i ei produksjonsbedrift med input og output som einaste måle-eining og mål og meining.

Kva gjer vi eigentleg med barna våre når vi dyngar dei ned i ferdige leiker?

Kva misser dei som aldri får sjansen til å skapa

Leiker av ingenting?

Det var alltid sol når vi leika før i tida – og det er berre *litt* erindringsforskyvning: Mange av felle-sleikane våre eigna seg ikkje for uver.

Når dei store, flate leikesteinane våre tørka fram om våren, flytte vi ut med alt vårt gods. Delte steinane mellom oss, etter tilmåta rettfærdsprinsipp: Dei beste steinane gjekk på omgang. Så bygde vi hus, og markerte rominndelinga med småstein, eller helst «glasspel», «godt» som det heiter i Eigersundområdet. Dette var før det kommunale reinhaldsvesenet kom og plasserte søppeldunkar rundt i tunet hos folk. Når kjerringane – eller helst dei arme tenestejentene som stod for oppvasken – knuste ein kopp, eit fat eller ei mugge, bortanfor alle rehabiliteringsgrenser med naglar og lim, måtte dei gå den tunge vandrainga bort i steingarden med elendet og stikka bitane bort i hola så godt dei kunne. Vi for som sporhundar langs gardhola og grøv fram: Den blårosete bollen, koppen med gullkant og kinamønster, randa av glasskåla som sprakk fordi sviskegrauten var for heit. Alt hadde verdi, gradert etter mønster og karat. Dei beste hadde stor bytteverdi, og kunne mellom anna betala for større og flatare leikestein. Bitane var markørar, men også servise og kjøkkenpynt, nett som

inne hjå mødrene. Vi bad til selskap, som dei, steikte sorpekaker og pynta med nysprotnemarkblomar. Serverte opphakka syrestilk og vaffelhjar-te av småsyre. «Berre forsyn deg, ta no litt till!» Herleg, sa vi. Korleis lagar du denne?

Vi hadde dokker og kanskje heimelaga vogner og, dersom fedrane var rimeleg netthendte. Men i selskap var det viktig å ha *skikkelege* ungar på slep, til å skjenna på, oppdra og klaga over: «Uff, han er så umulige atte. Eg skal seia det til far din, kan du tru, når han kjem heim!»

Småsysken måtte stillast til rådvelde, kontant fordelte mellom oss eldre etter behov. Bestikkelsar var ikkje uvanleg når dei heller ville sitja i fred og rota i vårsøla enn å hersast med skikk og bruk. Igjen, glasspel. Eit blømande koppeskår med snert av gull har kjøpt så mangt eit lite broremannshjarta til underdanig folkeskikk.

Vil du ha han som attmed deg står?

Dei hardaste forhandlingane galdt deltaking i bryllaupsseremoniane. Av alle rolleleikane våre var det den største. Vi burde ha fått ein noko dobbeltydig bodskap om det å vera *gift kone*, men å *gifta seg*, stå brur, var eintydig storveges.

Ein nærliggjande grunn var sjølvsagt pyntinga, med gardinfiller og markblommar. Brudgommen med svart jakke og hatt var ein heilt avgjerande attributt i seremonien, så han visste som oftast å utnytta marknadsverdien og skaffa seg stor velstand for å stilla. Presten kunne vera ei kamuffert jente dersom storebrørne sette seg heilt på tverke – teologien var etter måten romsleg på det punktet.

Slik naudverje var det aldri bruk for ved andre geistlege forretningar – gravferdene over sjølvdaue

småfugl og pinnsvin til dømes. Det må ha vore denne giftinga som var for lite karsleg.

«Vi menn»

Gutane leika sitt mannfolkiv ved sida av oss, i like høveleg avstand frå kjøkkensfæren som dei vaksne førebileta deira plasserte seg. Dei bygde fjøs med dyr av konglar og småstein, eller skjel nede ved sjøkanten. Dei små sneglehusa heiter «kuongar» den dag i dag. Dei skar gras og sette opp hesjer, og dei lærte seg å bruka drivkraft i arbeidet sitt: Dei bygde vassrenner, sette opp vasshjul og kadlar, fiksa kraftoverføring og fekk hjul til å sviva og gå. Oppdemningane nærast ropa på skipsfart, og dei spikka borkebåtar og meir forseggjorde fartøy med vinsj, og segla med frakt og dyr, kjøpte og selde.

Så bygde dei rennebilar av kassar og fjøler og utrangerte barnevogner, og kappprann. Dei grov kanalar og fekk vatnet til å flyta etter sin vilje. Laga fossar og stryk. Utforska kreftene, og kriga som vikingar eller indianarar eller tjuv og politi, med sjøvlaga våpen.

Kva har det gjort, med oss jentene og med dei gutane, at vi delte erfaringsområda mellom oss slik vi gjorde?

At gutane tok utfordringa med å finna teknologiske løysingar, mens vi jentene kopierte den skapinga som var knytt til omsorgsplikt.

Leikeår – arbeidsår

Årstidene styrte mykje av denne rolleleiken vår, slik årstidene styrte arbeidslivet til dei vaksne. Du set ikkje opp hesjer før det er gras å slå. Og du vaskar ikkje dokkelede når bekken er frosen.

Men den faste skilnaden mellom årstidsleikane

hang også saman med andre føresetnader: Vi var ikkje slik kledde i mellomkrigsåra at det var koseleg å sitja på ein flat stein om vinteren, sjølv om han var snøherr.

I den lyse, varme årstida tok dei vaksne og mykje større område i bruk til aktivitetar. Dei kunne flytta matstellet ut i eldhuset og driva lettvint og primitivt mens onnearbeidet tok storparten av tida deira – slik vi spreidde våre hus rundt i tun og utmark. Dei sat ute med klesstell og handarbeid. Kyrne vart mjølka i buhagen og sov under open himmel.

Det siste gav oss forresten ein ekstra sommarleikeplass til regnversbruk: Dei tome båsane var som skapte til leikestover. Eller låve og leikefjøs.


Og tida var som skapt til å setja seg ned i vegkanten, plukka saman fem handterlige småsteinar, og munka til venninepraten: Ein stein opp i lufta, fire på bakken. Ein stein opp, plukk ein frå bakken, fanga den i lufta på veg ned. Ein opp, plukk to, eller tre og ein. Rasande fort måtte det gå! Alle opp, få dei til å landa på handbaken – opp med dei att, og fanga dei i holhanda. Endeause variasjonar – og vi vart kvikke med hendene. Bra det, for hender som skulle triksa rundt med stoppenål og kjevle om nokre somrar.

*Spådokke av papir, med orakelsvar under skjortebreiddene: «Du blir gift med feiaren og får 16 barn.»
Teikning: Eva Gjerde.*

Vinteren krympa oss

Mørketida dreiv oss innomhus, og tillet berre gjeremål i sterkt forminska målestokk. Det er og ein føresetnad vi gjerne gløymer når vi minnest vår uendelege konsentrasjon om småting: Heile vinteren var det berre to oppvarma rom i dei fleste husa, kjøkkenet og stova. Der fekk alle passa seg inn, og dei vaksne tok mykje av plassen.

«Når an far e dø å mor e gådde te Bygdå, då ska me slykkja lyse å ha de løye,» går herma etter ein forklemd liten kar. Det måtte omtrent så drastiske





Ung Time-bu i fartsvidunder 1946-modell frå Opstad tvangsarbeidshus.

Foto: * Time Folkebibliotek.

vilkår til for å «halda sjau», som leiken heitte når vi ein sjeldan gong fekk slå oss laus, velta stolane til buss og båt og hengja golvdekkja over bordet til hytte.

Dei vaksne sat og laga ting. Så fall det av seg sjølv at vi laga oss inne-leikehus i skoøskjer eller – umåtelege velstand! – ein toetasjes appelsinkasse. Vi klipte og bretta papirmøbler, stolar og bord, vogge og seng. Kommodar og sjeselongar for vidarekomne. Fargela dei. Vov filleteppe og broderde dukar. Snokra kjøkkenbenk av fyrstikkøskjer.

Heldige den som hadde ei passeleg lita kjøpedokke å halda hus for – men det gjekk fint å laga små ungar av trepinningar og tøybitar og.

Det kom gjerne sydamen på huset før jul, med motejournalar fulle av merkverdige kreasjonar frå utlandet. Ikkje til å ha på sin kropp, sjølvsagt, men inspirasjon til å laga motedokker av halvstivt papir og glans og lim.

Vi kunne laga klesbutikk når vi var fleire. Reisa til byen og kjøpa klede i butikk.

Når ungar driv rolleleik, er språket ein viktig del av maskeringa. Særleg jenter brukar språket til å visa sosial plassering. No er det «fjernsynsdialekt» som gir status. Vi knota «bymål» – og naturleg nok den versjonen av Stavanger-målet som fanst nærast Jorenholmskaien, aust i varmen. Vi gjekk til Issen og «sjupte sjuddei»

Den kjønnsnøytrale utgåva av papirdokka er sprellemannen, den kunne gutane og få seg til å laga, av kartong og hyssing og litt teikneutstyr.

Men *spådokka*, den var vår!

Overdådig damefigur til livet, og vidt skjørt med lause breidder nedanfor. Bak på kvar laus breidd stod «horoskopet»: «Du blir gift med ein bakar.» – «Du misser alle tennene til jul».

Var vi fleire saman, kunne vi ha bruk for eit spel, dam eller mølle eller noko slikt. Og var kjøpespelet øydelagt eller rota bort, gjekk det rakleg å streka opp eit nytt og henta gule maiskorn og brune kaffibønner til brikker.

Var vi derimot berre to, kunne vi laga oss ein stillferdig par-leik med ein hyssingstump knytt til sirkel. Den tredje den eine over hendene, «la opp», og den andre «tok av»: vogge, stige, båt, gitter og så vidare i det uendelige. Vi skulle helst vera omtrent like hendige, og like lausslepte i fantasien.

Men vi var ofte åleine.

Somme dagar var for heilage til å gå på besøk i. Vinterstid kunne det bli langt nok mellom husa og, når veret skapte seg. Då var det godt å ha ein leik for seg sjølv. Musikk? Lyd i alle fall, til å drøyma seg bort med, slik tibetanske munkar mediterer:

Det gjekk ikkje så få syltelabbar ned, gjennom året. I kvar griselabb finst det to fine bein med ein velskapt snurr i kvar ende. Dei tagg vi av alle som åt. Mor tørka beina på ettervarmen i steikeomnen, far bora hol i midten og tredde sterk bomullstråd gjennom, og så hadde vi «snorlebein» som svinga mellom hendene våre i fin rytme og skiftande tone etter farten.

Kjekt å ha

Dei mørke krokane og dei lange kveldane utan plikter oppfordra til pusleri. Ta fram glansbileta, spreia dei ut og ordna etter nytt system, eller berre nytta fargane og glansen.

Sjølvi i tretti-åra var vi sveltefora på fargebilete, som ungar no møter kvar dei snur augo.

Farga papir var verdifullt. Appelsinpapir med spanske senioritaer og barske tyrefektarar på. Men tilgangen var sterkt sesongavgrensa – frå jul til påske omtrent.

Serviettar fekk vi i hende ein sjeldan gong – dei var ellers mest å rekna som «något njutningsmedel för överklassen», for å snakka med Kolingen.

Bilete av filmstjerner og fotballspelarar kom i sigarettøskjer, for dei som hadde tilgang på slikt. Og så iddisane, då – men det var og meir eit byfenomen.

Det skal visse vilkår til for å driva samling til noko vidare: Det må finnast eit nokså variert produkttilbod i miljøet, ein viss økonomi, ein oppbevaringsstad fri for

yngre søsken som øydelegg, og mest av alt: Andre samlarar, slik at du kan gå inn i eit byttesystem.


Derfor låg det oss nærare å samla på slikt som kunne bli til noko: Fyrstikkøskjer, tobakksøskjer, trådsneller, sjokoladepapir, farga hyssing.

Visst var det ein sport å eiga flest moglege – men det hadde samstundes ein verdi ut over tal og mengd: Det kunne brukast.

Kva for nytteomsyn som rettferdiggjorde samlinga av skillingsviser og lettare religiøse songar på bok, er neimen ikkje klart. Men alle jenter med respekt for seg sjølv skulle ha bok med handskrivne songar. Dei lånte og skreiv av etter kvarandre, og song tekstane opp og nedetter skulevegen til alle kunne melodien. Innhaldet var delvis knytt til bedehusmiljøet og songlaga der, men det omfatta også slagarane etterkvart som dei kom på plate.

«I en seng på hospitalet» og «Laila» og «Aldri mer skal jeg se dig igjen» – dei hamna om kvarandre i skriveboka.

Dei fleste samla «minne» og, helst i kjøpt Minnebok med fint omslag. «Gid lykken må gro →»



Syltelabbar til middag var tredobbel glede: To velforma bein i kvar labb vart tørka og sett holer gjennom til snor – snorleibein! Teikning: Eva Gjerde.



Som voksne folk markerte også vi reviret
med statussymbol: Her vaks våre vegger
opp av gullkanta glasspel.
Teikning: Eva Gjerde.

Slik samling gjekk i bølger. Både songbøker og minnebøker var stort sett jentestell, men i periodar når aktiviteten toppa seg, kunne det fengja kortvarig i gutane og.

Å leika i flokk

I eit grisgrendt bygdemiljø på trettitalet kunne dei tre skuledagane i veka vera dei gode pustehola i tilveret. Ikkje nødvendigvis for det vi opplevde i klasserommet, og heller ikkje berre friminutta, som ungar i dag kan påstå er det likaste ved heile utdanningssystemet. Det var noko anna og: For oss var heile skuledagen eit langt friminutt frå arbeidspliktene heime resten av veka.

Derfor er våre minne om å leika i flokk uløyseleg knytte til skuleplassen, eller søndags ettermiddagar og særskilte kveldar når ungar hadde tid til å gå lange vegar for å treffast.

På Undheim fortel eldre menneske at jentene brukte friminutta til å gjera «skuleball»! Det er vanleg veggball, men namnet fortel noko om kva

dei jentene måtte bruka tida til heime.

Dei fleste balleikane var felleisleikar. Gutar og jenter slo ball i lag, gjorde stikkball og alle dei andre. Du spela på lag, og vart teken ut etter kvalifikasjonar – var du god til å slå, springa eller stikka, gjorde det ingenting om du var jente.

Men det var alltid gutane som ella og valde!


Gutane heldt seg derimot langt unna veggball og Olevi og slike jentefakter. Då stod dei heller og kasta på stikka eller kappa land.

Dei var vanlegvis ikkje med og «hinka rutespel» – hoppa paradís – heller. Og når dei slengde seg med på svingtau-hoppinga, var det oftast for å gjera ugroe.

Men når vegane vart berre om våren – og dei var i mykje betre stand enn skuleplassen – så jeppa vi saman.

To steinar med ei lita grop imellom, ein alnepinne til å vippe med og ein liten pinne til å vippe, så jeppa vi friminutt etter friminutt utan å bli forstyrra av trafikk.

«Rekna gøyma» kravde også mange deltakarar, og den leiken var naturleg mest populær haust og vår, når vi kunne nytta mørkninga til å løyna oss. Igien: Årstidene gav oss spesielle leikevariantar. Den som har vore med og rekna gøyme ein månekveld i september på ein nyskoren åker med kornet på staur, har fått med seg den ville og vemodige blandinga av søtluft frå kornaks og rote-eim frå visnande gras.



*Gutane leika sitt mannfolkkliv ved sida av: Fekk ting til å sviva og gå, og såg langt inn i ei drivande framtid.
Teikning: Eva Gjerde.*



«Bru, bru breia» i Gjesdal. «Den som kommer aller sist, skal i den sorte gryte!» Foto: * Gjesdal Folkebibliotek.

Først ein mannsalder seinare går det opp for ein kven sitt drama vi sprang rundt og gøymde oss i mellom skuggane.

«Bru, bru breie» og «Skjera havre» var greie å ty til når det mørkna litt og det var spennande å ta i kvarandre. Alle fekk vera med der – rettnok stod det alltid att ein i ringen «for ingen ville ha han», men sjansane skifte uavlateleg.

Då var det verre med uttakinga til konkurranse-lagleikane, jepping og slå ball og dei andre, der ei kløne kunne gjera heile laget sitt ute.

Det fanst alltid lekamleggjorde risikofaktorar som begge lagleiarane ville unngå, og då galdt det

å velja lurt, slik at motparten vart ståande att med den verste.

Det hende at lagleiarane kjøpslo på slutten: «Eg kan ta Per og Ingrid dersom du tek Rolf». Og det er ikkje heilt sant at alle fekk sin sjanse i spelet. Leiaren sette opp den interne rekkefølga, og du var ein dårleg lagleiar dersom du kjørte risikofaktorane fram i teten. Då fekk du aldri velja meir. Leiarskap skal vera tøft.

Ballangrud på krøllskeiser

I eit mildt, snøfattig strok kom snøfall og holke og stålisen på vatnet som ei gåve. Då samlast hujande

krubbe-gjengar og for som Oskereia nedetter åker-reinane.

Eller vi stramde snøreskeisene på beksaumane til føtene dovna og veivla utover det gjennomslittige vintervatnet.

Då var det lett vint å samlast frå mange strender, spennande nye folk, og stemninga var akkurat passelig nifs når frostsprekkane duna under oss og kavalerane gjorde dristige svingar rundt råkene.

Vi fraus forderva når sant skal seiast.

Er det nokon som hugsar lenger korleis det var å driva vintersport i skjørt?

Det tapte Paradiset

I mellomkrigsåra var det sterkt definert av årstider, arbeidsliv, og manglar: Lite rom, kalde hus, streng økonomi, travle foreldre, men og det positive i restane av sjølvbergingssamfunnet på landsbygda.

Paradiset var kontrastane. Dei gode stundene når sola steikte og steinane var varme og det var hundre timar til kvelds.


Når du og hendene dine fekk fred til å famla over ting omkring deg og ta dei i bruk, skapa det barndomshuset du alltid seinare ber med deg som ein snigel.

Det er ikkje til å dela med nokon, kor gjerne du ville –

*Koss er lamma dine i år?
Teikning: Eva Gjerde.*

Derfor veit vi også lite om kva slag «hus» ungane våre skaper no, i si tid, under sine vilkår. Men vilkåra deira burde vi gi oss tid til å sjå. For eit tapt Paradis er ikkje det verste du kan leva med.

Det er verre å aldri ha skapt noko Paradis å tapa.



Asgjerd Taksdal
Kulturvernkonsulent i Time kommune.
Adresse: Time kulturkontor,
Arne Garborgsv. 32, 4341 Bryne.



«Herbert-barna». Maleri av Lamert Sachs 1857.



Frå leikesamlinga til Magne Johannesen, Brusand. Foto: Hå bydemuseum.



Gyngehesten til Kielland-familien på Ledaal. Sjå artikkelen s. 79. Foto: Stavanger Museum.